

## Forskrift om skulereglar i Fjord kommune

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 20.06.24 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 10-7.

### § 1. Formål

Skulereglane for grunnskulen i Fjord kommune har som mål å fremje trivsel, samarbeid, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet. Skulereglane skal vere rettesnor for korleis vi organiserer skulekvardagen på best mogeleg måte og korleis vi løyser utfordringar som eventuelt måtte oppstå.

I tillegg til denne forskrifta kan skulane lage ei konkretisering av reglane der dette er nødvendig. Elevane skal ha medverknad i utarbeiding av eventuelle konkretiseringar. Desse skal ikkje fråvike dei overordna skulereglane.

### § 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle aktivitetar i skulen sin regi når skulen har ansvar for tilsyn med elevane. Skulereglane gjeld også på skulevegen.

### § 3. Elevane sine generelle rettar og plikter

Som elev har du rett til:

- eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen har plikt til å følgje opp om dette ikkje skjer.
- å bli høyrte i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen
- å få forklare deg før det blir teke avgjerd om sanksjonar
- leksefri i helg og ferie

Som elev har du plikt til:

- å møte på skulen og delta i undervisninga
- å følgje vanlege reglar for god folkeskikk
- å behandle andre med respekt og omtanke, og eksempelvis ikkje krenke andre grunna kjønn, nasjonalitet, livssyn, seksuell orientering med meir.
- å følgje skulereglane
- å rette deg etter pålegg frå rektor, lærarar eller andre vaksne som har skulen som arbeidsplass.

### § 4. Generell orden og åtferd

1. Elevane skal møte på skulen til fastsett tid. Dei skal vere førebudd for dagen, og ha med seg bøker og skulesaker som trengst. Elevane skal ta godt vare på skulesakene sine. Misbruk av pc, nettbrett eller nettverk kan det få sanksjonar (jf. IKT reglement).
2. Elevane og tilsette på skulen skal helse på kvarandre første gongen dei møtest om morgonen og elles vise god framferd mot kvarandre. Banning og grov språkbruk skal ikkje nyttast. Farleg leik, brutal oppførsel og mobbing er ikkje lovleg. Elevane skal til ei kvar tid rette seg etter dei reglane som skulen fastset.
3. Skulen har ansvaret for tilsyn med elevane i skuletida. Derfor må ingen elev forlate skuleområdet utan særskilt løyve frå lærar/administrasjonen.

4. Elevar og andre som har arbeidet sitt ved skulen, skal gjere sitt beste for å halde skulen og skuleområdet reinte og i orden.
5. Skulen og skuleområdet rundt er røyk- og rusfri sone. Bruk av snus, røyk og rusmiddel på skuleområdet er forbode, og vil bli inndrege og kasta.
6. For planlagt fråvær skal føresette sende søknad til skulen på førehand. Kontaktlærer kan gi løyve til fri i inntil 3 dagar, medan rektor kan gi inntil 10 dagar. Ved fråvær ut over samanhengande 10 dagar, må eleven skrivast ut av skulen (jf. Forskrift om permisjon).
7. Ved fråvær skal dei føresette gje beskjed til skulen same morgon. Ved planlagt fråvær skal det givast beskjed til skulen i forkant (jf. Forskrift om permisjon). Det same gjeld når dei skal fritakast for kroppsøving i enkelttimar eller i kortare periodar. For fritak over to veker frå kroppsøvingsundervisninga er det krav om legeerklæring.
8. Skulen erstattar ikkje eleven sine verdisaker (pengar o.l.) som kjem vekk/blir øydelagd, difor bør ikkje elevane ha med seg slike saker på skulen. Utstyr som kan forstyrre undervisninga eller skape konfliktsituasjonar i elevmiljøet skal ikkje brukast på skulen. Mobiltelefonar/smartklokker skal ligge i mobilhotellet heile skuledagen. Dei skal berre nyttast, når lærar godkjenner det. Ved brot på denne regelen, kan lærarane beslaglegge slikt utstyr og levere det til kontaktlærer, som skal levere det tilbake til eigaren etter skuledagen.

## § 5. Sanksjonar – tiltak ved brot på skulereglane

1. Sanksjonar  
Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Tiltaka kan praktiserast individuelt alt etter kor alvorleg regelbrotet er og etter eleven sine føresetnader.  
Før sanksjonen blir sett i verk, har eleven krav på å forklare seg munnleg overfor den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har i slike høve rett til å ha med seg ein person. Sanksjonane må stå i eit rimeleg forhold til brotet på skulereglane.
2. Straffbare tilhøve  
Dersom det føreligg mistanke om straffbare tilhøve, skal skulen be om politiet si hjelp til å gjennomføre kontroll eller andre tiltak. Eleven sine føresette skal om mogleg varslast munnleg samtidig med at politiet blir bedt om hjelp. Føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er søkt om hjelp frå politiet.
3. Erstatningsansvar  
Ved bevisst skade eller skadeverk på skulen eller andre elevar/tilsette sin eigendom og utstyr kan eleven, i tillegg til å bli pålagt sanksjonar etter desse reglane, også bli erstatningsansvarleg, jf. skadeerstatningslova § 1-1. Foreldre er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova § 1-2, pr. dato inntil kr. 5000,-.  
Om det er mogleg, skal også eleven få høve til å utbetre skaden / gjere opp for seg.
4. Ved brot på skulereglane må skulen vurdere om det er tilhøve i eleven sin skulesituasjon (fagleg og sosialt), eller situasjon utanfor skulen som medverkar til eleven si åtferd og korleis skulen kan bistå eleven til å få ein betre situasjon. Brot på skulereglane kan medføre følgjande tiltak:
  - a. samtale med eleven/påtale av lærar ev. inspektør/rektor
  - b. telefon heim til føresette
  - c. brev/melding heim
  - d. innkalling til samtale elev – føresette
  - e. inndraging av rettar som elevane har
  - f. nedsett ordens- og/eller åtferdskarakter
  - g. krav om full eller delvis erstatning av skade på bygningar, inventar eller utstyr

- h. utvising i tråd med § 13-1 (undervisninga) og § 9-39 (eksamen) i Opplæringslova
- i. skulebytte ved mobbing når omsynet til andre elevar tilseier det, og andre tiltak ikkje har hatt ønska verknad. Skal berre nyttast i særlege tilfelle.
- j. hjelpe til med å utbetre skadeverk

#### 5. Utvising

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på skulereglane, kan elevar på 8.-10. klassetrinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7.klassetrinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar og resten av dagen.

Rektor vedtek eventuell utvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller straffetiltak. Eleven skal ha høve til å forklare seg munnleg overfor rektor.

Føresette til elevane skal varslast før utvising blir sett i verk for resten av dagen på 1.-7. klassetrinn, og før utvising for heile dagar på 8.-10. klassetrinn, jf. opplæringslova § 13-1.

### § 6. Generelle reglar

Saksbehandling ved alvorlege brot på skulereglane følgjer Opplæringslova.

### § 7. Organisering av skuledemokrati

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning.

Kvar skule skal ha eit elevråd som er valt av elevane. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte.

Kvar grunnskule skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skulen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar.

Fjord kommune anbefaler å organisere skuledemokratiet på følgende måte:

- Kvar klasse på skulen vel ein representant med vararepresentant til eit foreldrearbeidsutval (FAU).
- På kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval. I samarbeidsutvalet skal elevane, foreldrearbeidsutvalet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representerte.
- Elevrepresentantane skal ikkje vere til stade når saker som er omfatta av teieplikt blir behandla i samarbeidsutvalet. Når elevane ikkje er til stade, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfall av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar vert auka tilsvarande.

### § 8. Kunngjering

Reglane for orden og åtferd skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved starten av skuleåret.

### § 9. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft 01.08.2024